



Juni 2015

Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Voss kommune.

§ 1 **Eigartilhøve**

Vedtektene gjeld for dei kommuneeigde barnehagane.

§ 2 **Lovverk m.v.**

Barnehagane skal drivast i samsvar med "Lov om barnehagar m.v." og gjeldande føresegner og retningslinjer fastsette av kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage. Barnehagen skal også arbeide i samsvar med rammeplan for barnehagen.

§ 3 **Forvaltning.**

I samsvar med kommunestyrevedtak har utval for levekår ansvaret for forvaltning av barnehagane i kommunen og med tilsynet av barnehagane.

§ 4 **Administrasjon.**

Barnehagane høyrer administrativt til under kommunalavdeling oppvekst.

§ 5 **Samarbeidsutval og foreldreråd.**

Kvar einskild barnehage skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd (jf. § 4 i Lov om barnehagar).

§ 6 **Formål.**

Jf. lov av barnehagar § 1.

§ 7 **Opningstid.**

Barnehagane har ulik opningstid. I barnehagar med opningstid utover 8,5 timar skal barna si opphaldstid ikkje overskride 8,5 timar pr. dag. Daglege opningstider skal vera innan dei rammer/driftsopplegg som gjeld og teken inn i orientering som vert delt ut til søkjarane. Samarbeidsutvalet i barnehagen kan gjera vedtak om kortare opningstid, dersom ingen har behov for den opningstida som gjeld for den einskilde barnehage. Vedtak om endra opningstid kan berre gjelda for eit barnehageår om gongen. Ved 5 planleggingsdagar i barnehageåret er barnehagane stengde.

§ 8 **Netto leike- og opphaldsareal**

Netto leike- og opphaldsareal er 3,5 – 4,5 m² pr. barn over 3 år. For barn under 3 år kjem eit tillegg på 1/3 av dette arealet.

§ 9 **Søknad**

Kommunale og private barnehagar har samordna opptak. Søknadsskjema, informasjonsskriv, søkjarliste og inntaksprosedyre er felles.

Ved søknad om opptak skal det nyttast fastlagde skjema, og vedlagt naudsynte attestasjonar.

Voss kommune v/ kommunalsjef for personale og økonomi, disponerer f.t. nokre plassar i dei kommunale barnehagane. Tvildemoen har bedriftsplass for tilsette i barnehagen og tilsette ved

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Foretaksregisteret	Side
Voss kommune	Uttrågata 9, Voss	56 51 94 00	960510542	1 av 4
Postboks 145	E-post		Bankkonto	
5701 VOSS	postmottak@voss.kommune.no		3201 46 70954	

Skigutane. Skulestad barnehage har bedriftsplass for tilsette og medlem i styret. Vetlebarnehagen har bedriftsplass for eigar/styret og foreldrekontakt. Lassebakken barnehage har bedriftsplass for eigar- og foreldrerådrepresentantar. Bordalen barnehagar har bedriftsplass for tilsette og medlem i styret. Regnbogen barnehage har bedriftsplass for tilsette i barnehagen. Ved søknad til desse plassane skal det nyttast eige søknadsskjema. Barnehagane leverer innstilling av bedriftsplassar innan 1. mars til kommunalavdeling oppvekst.

Kommunal bedriftsbarnehageplass har ein til barnet byrjar i skulen, under føresetnad av at ein held fram i den kommunale stillinga, eller til plassen vert sagt opp. Kommunal bedriftsplass kan ein berre søkja om i dei kommunale barnehagane.

Vetlebarnehagen, Tvildemoen, Skulestad, Bordalen og Lassebakken barnehage beheld barnet bedriftsplass til barnet byrjar i skulen eller plassen vert sagt opp.

Nærare informasjon om bedriftsplassar får ein ved å venda seg til nemnde institusjonar.

§ 10 Opptak

Søknadsfrist 1.mars til hovudopptaket for tildeling av plassar frå 15.august.

Søkjjarar som søker etter 1. mars får tilbod om barnehageplass, dersom det er ledige barnehageplassar i kommunen.

Behandling av søknader og tildeling av plassar vert gjort fortløpande av administrasjonen etter innstilling frå styrar.

Søkjjarar som søker innan 1. mars og som ikkje er busett i Voss kommune må ved oppstart av tildelt plass i barnehage vera busett i Voss kommune og registrert i Voss folkeregister. Administrasjonen kan gjera unntak får denne regelen dersom det er ledige barnehageplassar i kommunen. Familiar som flyttar ut av kommunen må seie opp barnehageplassen sin i Voss kommune innan tre månader. Dei må søkje om ny barnehageplass i den kommunen dei flyttar til.

§ 11 Lovfesta rett til barnehageplass

Barn som fyller eit år innan utgangen av august det året det søker barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august (jf. Lov om barnehage § 12). Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett. Søknadsfrist til opptak er fastsett til 1. mars.

§ 12 Prioriteringsliste for tildeling av barnehageplass frå nytt barnehageår 15.8

Tildeling av barnehageplass skjer etter følgjande prioriteringsliste.

Lovpålagt kriterier for prioritet:

0. Barn med nedsett funksjonsevne, jf. § 13 i lov om barnehage.*
1. Barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenesta, jf. § 4.4 *

Kommunale kriterier for prioritet i tillegg til dei lovpålagde:

2. Barn frå barnehagar som blir lagt ned.
3. Søsken har plass i same barnehage.**
4. Tildeling av plass etter søknadsdato.

*Er det barn med spesielle behov kan det søkjast om prioritert plass. Punkt 1 og 2 skal dokumenterast av fagpersonell.

Barn med sterkt nedsett funksjonsevne av både fysisk og psykisk karakter, og som må ha tett oppfølging stort sett heile opningstida i barnehagen, vil få tilbod om plass i Voss barnehage. Voss barnehage er spesielt tilrettelagt for barn med samansette vanskar og rullestolbrukarar.

**Søskenprioritet er knytt opp til at ein har søsken i barnehagen når barnet byrjar i barnehagen. Ved hovudopptaket vil ein kunna mista denne prioriteten dersom søsken går ut av barnehagen. Dette gjeld særleg for dei som har søsken som byrjar i skulen og eller sluttar i barnehagen.

§ 13 Saksbehandlingsreglar for tildeling av barnehageplass

Foreldre har etter lov om barnehage, rett til grunngjeving dersom dei ikkje får tildelt barnehageplass etter første eller andre ønskje sitt, § 4, rett til innsyn § 5, rett til å klaga § 6, og klagefrist etter § 9 (jf. lov om barnehage). Klage skal sendast til kommunalavdeling for oppvekst.

§ 14 Barnehagetilbod

For at eit barnehagetilbod skal kunna vidareførast skal det minimum vera 5 barn som nyttar seg av tilbodet per dag. Ved oppretting av eit nytt barnehagetilbod skal det minimum vera 10 barn som nyttar seg av tilbodet per dag.

§15 Type plassar i barnehagane.

Ved søknad om barnehageplass kan ein søkje om heil og halv plass. Dei halve barnehageplassane blir som hovudregel delt mellom dagane måndag-onsdag og annakvar fredag eller tysdag-torsdag og annakvar fredag.

§ 16 Ferie

Barnet skal ha 1 måned feriefråvær i barnehageåret. Planleggingsdagar kan reknast som ei ferieveke.

Alle barnehagane er stengd dei to siste vekene i juli måned, dagane mellom jol og nyttår og dagane før skjærtorsdag. Om lag tre veker til saman i løpet av eit barnehageår. Julaftan stengjer barnehagane kl. 12.00, om dagen fell på ein kvardag.

§ 17 Foreldrebetaling

Betaling for opphald gjeld dei satsar som til ei kvar tid er fastsett av kommunestyret. Det er betalingsfritak for halve juli og halve august måned. Betaling for kost kjem i tillegg. Får å få til ei god tilvenning av nye barn i barnehagen ved oppstart (15.8) kan nokre barn byrja tilvenning nokre dagar etter 15.august. Uavhengig av oppstartsdato blir det fakturert for ein halv måned i august.

Det kan søkjast om betalingsfritak dersom barnet har fråvær p.g.a. sjukdom samanhengande ein måned eller meir. Ved alvorleg sjukdom kan det søkjast om permisjon frå barnehageplassen. Søknad skal sendast til kommunalavdeling oppvekst.

Søskenmoderasjon blir gitt i samsvar med gjeldande Stortingsvedtak f.t. med 30 % for 2. barnet, 50 % for 3. barnet og kvart barn utover dette.

Det kan gjevast moderasjon i foreldrebetalinga etter søknad frå foreldre/føresette.

Moderasjon vert rekna ut frå den type plass barnet har i barnehagen og aktuell pris på barnehageplassen. Voss kommune har følgjande moderasjonsordningar jf. forskrift om foreldrebetaling.

1. Foreldrebetalinga for første barnet i barnehagen skal ikkje utgjera meir enn 6 % av hushaldninga si samla kapital – og personinntekt.
2. Fritak i foreldrebetalinga for 20 timar per veke for fire – og femåringar. Hushaldninga si samla kapital – og personinntekt skal ligga til grunn for søknad.

Informasjon og søknadsskjema kan ein finna på heimesida til Voss kommune, under tenester og barnehage.

§ 18 Oppseiing.

Det er ein månad gjensidig oppseiingstid av plassar. Oppseiinga gjeld frå 1. eller 15. i månaden. Oppseiinga skal vera skriftleg. Skjema for oppseiing får du i barnehagen eller på heimesidene til Voss kommune.

Det må betalast for opphald i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.

Manglande betaling av barnehageavgifta er etter nærmare retningsliner oppseiingsgrunn frå kommunen si side.

§ 19 Helseskjema

Det skal leverast eigenmelding om helsetilstanden til barnet og opplysning om kven som er fastlege til barnet. Skjema vert utlevert i barnehagen når barnet byrjar i barnehagen. (Jf. § 23 Lov om barnehagar).

§ 20 Internkontroll

For barnehagane gjeld det internkontrollsystemet som er vedtatt for kommunen si verksemd.

§ 21 Teieplikt

Dei tilsette i barnehagane, administrasjonen, medlemmer av samarbeidsutvala og utval for levekår har teieplikt vedkomande alle personopplysningar dei i kraft av stillinga/omboda vert kjent med, jf. Lov om barnehagar § 20.

Administrasjonen har fullmakt til å gjera endringar av administrativ art, eller som følge av statlege pålegg/endringar i regelverk.

Vedteke i kommunestyret 23.6.15. KST-sak 54/15